

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 03.12.2015

**Sveinung Valle** sette på vegner av A, KrF, Sp og SV fram slikt forslag:

1. "Hordaland fylkeskommune har ein utfordrande økonomisk situasjon. Gjeldsgraden er høg, utan at det har vore teke naudsynte grep dei siste åra for å bremse veksten. Det gjer at vi må snu alle steinar og sikra ei berekraftig drift av fylkeskommunen. På studiespesialiserande program har vi ein stor overkapasitet ved dei vidaregåande skulane våre i Bergen. Samstundes som dette har utvikla seg, har ein dei siste 12 åra tillate ein vekst i dei private kommersielle skulane. Det har bidrege til å auke overkapasiteten. I tillegg har det påført fylkeskommunen økonomiske tap.
2. Fana gymnas vert lagt ned. Elevane ved Fana gymnas vil få eit fullgodt tilbod om utdanning i nærleiken ved Sandsli vgs, Stend vgs, Nordahl Grieg vgs, Langhaugen vgs og sentrumsskulane. Ved Fana gymnas vil ei eventuell vidare drift gjere det naudsynt med investeringar for mellom 210 og 280 millionar.
3. Ut over dette vert fylkesrådmannens forslag B lagt til grunn med følgjande endringar:
  - Garnes vgs vert vidareført, dimensjonert for 90 plassar med ST og 90 plassar MK.
  - ST ved Fyllingsdalen vgs vert dimensjonert for 270 plassar, som i dag.
  - ST ved Laksevåg vgs vert dimensjonert for 270 plassar, som i dag.
4. Fylkeskommunen skal ikkje selje Fana gymnas.
5. Fylkeskommunen skal på sikt bygge ei ny kombinert vidaregåande skule i Arna. Dette skal handsamast i rulleringa av skulebruksplanen.
6. Ved framtidig rullering av skulebruksplanen må ein ta omsyn til søkemønster ved og plassering og dimensjonering av dei nye utdanningsprogramma MK og KDA."

### Røysting

Valle sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget med 8 røyster mot 7 røyster (H, Frp, V, MDG) for innstillinga.

### Innstilling til fylkestinget

1. Hordaland fylkeskommune har ein utfordrande økonomisk situasjon. Gjeldsgraden er høg, utan at det har vore teke naudsynte grep dei siste åra for å bremse veksten. Det gjer at vi må snu alle steinar og sikra ei berekraftig drift av fylkeskommunen. På studiespesialiserande program har vi ein stor overkapasitet ved dei vidaregåande skulane våre i Bergen. Samstundes som dette har utvikla seg, har ein dei siste 12 åra tillate ein vekst i dei private kommersielle skulane. Det har bidrege til å auke overkapasiteten. I tillegg har det påført fylkeskommunen økonomiske tap.
2. Fana gymnas vert lagt ned. Elevane ved Fana gymnas vil få eit fullgodt tilbod om utdanning i nærleiken ved Sandsli vgs, Stend vgs, Nordahl Grieg vgs, Langhaugen vgs og sentrumsskulane. Ved Fana gymnas vil ei eventuell vidare drift gjere det naudsynt med investeringar for mellom 210 og 280 millionar.
3. Ut over dette vert fylkesrådmannens forslag B lagt til grunn med følgjande endringar:
  - Garnes vgs vert vidareført, dimensjonert for 90 plassar med ST og 90 plassar MK.
  - ST ved Fyllingsdalen vgs vert dimensjonert for 270 plassar, som i dag.
  - ST ved Laksevåg vgs vert dimensjonert for 270 plassar, som i dag.
4. Fylkeskommunen skal ikkje selje Fana gymnas.

5. Fylkeskommunen skal på sikt bygge ei ny kombinert vidaregåande skule i Arna. Dette skal handsamast i rulleringa av skulebruksplanen.
6. Ved framtidig rullering av skulebruksplanen må ein ta omsyn til søkermønster ved og plassering og dimensjonering av dei nye utdanningsprogramma MK og KDA.